



Klima- og miljødepartementet  
Postboks 8013 Dep.  
Oslo

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Uttale til forslag om oppheving av vasskuterforskrifta

---

**Fylkesmannen i Rogaland kan ikkje sjå at det ligg føre vesentlege argument som talar for oppheving av vasskuterforskrifta.**

**- Ei oppheving av forskrifta vil ha negativ verknad på naturen og friluftslivet og gi meir konflikt mellom ulike grupper**

**- Meir vasskuterkøyring og høgare fart vil auke risikoen for ulykker hos barn og unge, i strandsona og på sjøen.**

**- Vi kjenner oss ikkje igjen i argumenta om at det er vanskeleg å handheve dagens regelverk.**

**- Forskrifta opnar allereie for køyring innanfor forbodsbeltet, t.d. transportkøyring og organisert trenings- og konkurransekøyring.**

---

Fylkesmannen viser til høyringsbrev av 23.12.16 om oppheving av vasskuterforskrifta.

### Bakgrunn

Utgangspunktet for forslaget om å oppheve vasskuterforskrifta er mellom anna at Regjeringa ikkje ser behovet for å forskjellsbehandle vasskuterar og andre fritidsfartøy dei meiner har liknande eigenskapar med omsyn til fart og støy. Ei oppheving av forskrifta vil innebære at det ikkje lenger finst ei nasjonalt fastsett særregulering for bruk av vasskuter, men at dei generelle reglane for bruk av motoriserte fartøy vil vere gjeldande. Motorferdselslova gir i dag kommunane rett til å regulere ferdsel med vasskuter gjennom lokale forskrifter for vassdrag og innsjøar der dette ikkje alt er forbode. Kommunane har også heimel etter den sentrale fartsforskrifta til å lage lokale fartsforskrifter for alle fartøy der det er behov for dette. I tillegg gir hamne- og farvannslova kommunane heimel til å regulere bruk av alle fartøy i ein del tilfelle.

### Fylkesmannen si vurdering

Med om lag 470.000 innbyggjarar er Rogaland per i dag Noregs fjerde største fylke. Vi har ei lang og variert kystline med både sanddyne-, rullestein- og bergkyst. Både langs havkyst og i fjordlandskapa våre er det til dels stort press i strandsona, med mange fritidsbustader og mykje menneskeleg aktivitet. Gitt det milde klimaet vårt, har kysten og vassdraga våre ei viktig rolle for hekkande og overvintrande fugl. Ein god del av verneområda som finst langs kysten, har difor fuglefreding.

Fugl er ei hovudutfordring når det gjeld å oppheve vasskuterforskrifta. Oppheving vil truleg opne for meir køyring med vasskuter nærare land enn i dag. Som mykje av forskinga også peiker på, jf. NINA Rapport 851 (2012), er det særleg forstyrrende med vasskuterane sitt bråe

bevegelsesmønster, hurtige retningsskifte, akselerasjon og nedbremsing, samt moglegheita som desse fartøya har for «kontrollert» køyring svært nær land.

Køyring med vasskuter vil med ei oppheving av forskrifta vere tillate i verneområde, som ikkje har egne føresegner som regulerer slik ferdsel i dag. Det vil ta kapasitet frå andre viktige oppgåver dersom Fylkesmannen må i gang med endringar av verneforskriftene for mange slike område.

Fylkesmannen vil også vise til det meirarbeidet kommunane får med å regulere ferdsel med vasskuter gjennom egne, lokale forskrifter. Det vil ta kapasitet frå andre viktige oppgåver å jobbe med slike forskrifter. Dei prinsippfaste haldningane som ein god del politikarar har i vasskutersaka vil truleg vere til stades lokalt også, og gjere det utfordrande å få på plass lokale forskrifter. Erfaring frå andre saker viser dessutan at ulike reglar mellom kommunar i praksis vil vere utfordrande for brukarane å ha oversikt over. Forskrifta gir allereie løyve til køyring innanfor forbodsbeltet, t.d. transportkøyring og unntak for organisert trenings- og konkurransekøyring på regulerte baner. Å regulere fleire slike område i sjø til vasskuterkøyring kan vere interessant med omsyn til næringsutvikling.

Meir køyring med vasskuter skaper også konflikt med mange hytteeigarar og store deler av det aktive friluftslivet i fylket vårt, t.d. bading, fiske, dykking, surfing, segling og kajakk, samt støy for dei som ferdest på land.

Meir bruk av vasskuter vil truleg gi auka risiko for ulykker der barn og unge er innblanda, i strandsona og på sjøen. Barn har ofte dårlegare symjeferdigheiter enn vaksne og dårlegare dømmekraft med omsyn til trafikk/fart.

I vårt samarbeid med Statens naturoppsyn i Rogaland kjenner vi oss heller ikkje igjen i argument om at dagens regelverket er vanskeleg å handheve. Farten til både vasskuterar og andre fartøy blir bedømt nokså greitt frå land, vurdering ut frå om fartøyet er i plan eller ei. Avstand til land blir i dag oftast bedømt med referanse til holmar, skjær, stakar og andre geografiske punkt. SNO-representanten i Rogaland har god erfaring med at politiet har nytta hans fotografi som fellande bevis i vasskutersaker i vårt fylke. SNO har også avstandsmålarar som dei nyttar ved behov.

Med helsing

Harald Thune  
ass. fylkesmann

May Britt Jensen  
fylkesmiljøvern sjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Erik Cockbain  
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 73  
E-post: fmroeco@fylkesmannen.no